




Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	08.09.22 Kl. 13:00
Møtestad:	BUP Voss
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Gunnlaug Lekve (Ulvik), Elise Rognsvåg (Kvam), Rita Høvset (Eidfjord), June Eide Vik (Vaksdal), Marianne Røynesdal (BUP Voss) og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Kjell R. Stien (Voss) og Ruth Helene Garmann (BUP Voss), Bridget Penny (brukarrepresentant) og Sveinung Hellesen Nygård(Voss)
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
9/22	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
10/22	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner referatet.	V		
11/22	Aktuelt frå medlemmane i underutvalet Kvam: <ul style="list-style-type: none">• Implementering av BTI fortset i skular og barnehagar. Prosjektlearstillinga varar ut 2022. Det er gitt opplæring.	O		

	<ul style="list-style-type: none"> • Oppvekstplan – fyrste utkast er ute på høyring. Ein god plan som ein kan klikke seg inn på. • Skulane har takka ja til oppfølging frå Statsforvaltaren. Raude tal når det gjeld mobbing og stor skilnad på lesing og skrivning mellom skulane i Kvam. • Flyktningar frå Ukraina: 15 til 20 elevar har eller skal kome. Introduksjonsklasse for å lære språk. <p>Eidfjord:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Jobbar mykje med organisasjonskartet på leiarnivå. Det vert satsa på psykisk helse og det er ynskje om meir ressursar inn. • Skal tilsetje ruskonsulent. • Barnekoordinator 20%. • Samarbeid mellom ruskonsulent, helsesjukepleiar for born og psykiatrisk sjukepleiar. <p>Ulvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommuepsykolog gir god rettleiing til kommunen kvar femte veke. Drøfting av mobbing og fråvær. Skal implementerast i psykiatriplan. • Ynskje om å kome tidlegare inn ved fråvær og jobbe meir systematisk. Kan vere aktuelt at kommunen kjøper tenester frå Meistringsteamet i forhold til enkelt born. • Implementering av BTI fortset. Skal starte med stafettlogg. • Konstituert helsesjukepleiar har starta på studie. Er for tida kun helsesjukepleiar i 80% stilling i kommunen. • ICDP- sertifisering av rettleiarar er lagt på vent. • Flyktningar frå Ukraina. Teke i mot 17 personar. Seks av dei er born. Ein familie har reist tilbake. Ventar ny familie. Hadde psykososialt opplegg for desse i sommar. <p>Vaksdal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunepsykologen har sagt opp stillinga si. Uavklart om kommunen skal samarbeida med andre kommunar om kommunepsykolog eller tilsetje ny i same stillinga. • COS-foreldrerettleiing ved helsestasjonen. • Samarbeidsmøte legar og helsestasjon. Ynskje om tettare samarbeid. • Det er komne flyktningar frå Ukraina. 16 av desse er born. 			
--	---	--	--	--

	<p>BUP:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vanskeleg å rekruttere psykologar. Har to ledige stillingar. Den eine psykologen ved BUP går over til nyoppretta stilling i kommunen og skal arbeide 50% med vidaregåande skule og 50% med ungdomsskule. • Stort arbeidspress. Mange tilvisingar. • Har vore ein del sjukefråvær blant personale som gjer at timeavtalar må skyvast på. • Oppfølging av ADHD-pasientar over lang tid krev mykje ressursar. • BUP Voss har fleire gruppetilbod. Sjå vedlegg. NB! Datoar kan bli endra på. 		 <p>Oversikt kurs hjå BUP Voss hausten</p>	
12/22	<p>Erfaringar frå dei ulike konsultasjonsteama i kommunane</p> <ul style="list-style-type: none"> • RVTS har opplæring for nye medlemmer i konsultasjonsteama. Det kjem ny opplæringsdag i haust. • Fagdag for konsultasjonsteam i Vestland 18.november 2022. • Kvam har fått inn saker frå barnehagane. • Vaksdal sitt konsultasjonsteam har møter 1 gong i månaden og får saker frå skulane. Seksuell trakassering på ungdomsskulen har vore tatt opp på foreldremøte. • Informasjon om konsultasjonsteama bør ligge på kommunane sine nettsider i tillegg til å informere leiarar i barnehagar og skular. • Vaksdal kommune er i same politidistrikt som Voss herad og har difor fått tilbod om å vere med i konsultasjonsteamet på Voss om dei ynskjer det. • Konsultasjonsteamet i Kvam ynskjer å invitere Sjur Morset Sandvik frå BUP inn ved behov. Særleg ved behov for ekstra kompetanse i SSA-saker. 	O		
13/22	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sak til neste møte: Val av ny leiar i underutvalet. • Vidare møteplan for underutvalet: Torsdag 24.11.22 kl. 12 til 14 på BUP. 	O		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 24.11.22 kl. 12:00** på BUP Voss. Ber om at medlemmene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.